



Korleis kome i kontakt med Sogn og Fjordane Barn og foreldresenter?

Barneverntenesta i kommunen din kan hjelpe deg med å få meir informasjon og søke om hjelp frå senteret.



Besøksadresse:
Sogn og Fjordane
Barn og foreldresenter

Telefon:
466 19 260

Postadresse:
Postboks 415
6803 Førde



Sogn og Fjordane
Barn og foreldresenter





STAD

Sogn og Fjordane Barn og foreldresenter ligg i Førde ved sida av Førde sentralsjukehus, ca 3 km frå sentrum.

KVEN KAN HA TILBOD HOS OSS?

Døgnavdelinga

- familiar i Sogn og Fjordane som ventar barn eller har barn i alder 0-3 år.

Døgnavdelinga har plass til 3 familiar. Kvar familie har eiga leilegheit med bad og tekjokken.

Foreldra har alltid ansvaret for barna sine, men personalet gjev hjelp og støtte ved behov. Personalet er tilgjengeleg heile døgnet.

Avdeling for heimebaserte tenester

- familiar i Sogn og Fjordane som ventar barn eller har barn i alder 0-6 år.

Heimebaserte tenester har personale som reiser heim til familiarne, og jobbar i lag med familien i heimen ein til to gonger i veka. Tidspunkt for heimebesøk kan variere ut frå familien sine behov.

BEHOV

Familiarne kan ha ulike hjelpebehov. Vi ynskjer å møte kvar familie ut frå deira behov, og legg vekt på at familiarne sjølv er aktive i arbeidet.

